

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.10.2023
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar**

ARKIVSAK: 2023/75
STYRESAK: **10/123**

STYREMØTE: **01.11.2023**

Administrerande direktør si orientering pkt. 3

Nr.	Tittel	Prosess	Svarfrist
1	Høyring - Forenkla og forbetre. Rapport frå ekspertutval for tematisk organisering av psykisk helsevern	Vi sender uttale.	06.11.2023
Fag	<p>Helse- og omsorgsdepartementet har rapporten «Forenkla og forbetra» på høyringar. Eit ekspertutval gir tilrådingar innan fire område:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Styrke kommunale tilbod og samhandling 2. Forenkla og forbetre inntak og utgreiing 3. Prinsipp for tematisk organisering av behandlingstilbodet 4. Samanhengande system for kunnskap og kvalitet <p>Helse- og omsorgsdepartementet har bedt om å særleg vurderer tilrådingane frå ekspertutvalet innan områda 2 og 3. Det blir også bedt om innspel om kva som bør prioriterast og føresetnadane for dette.</p>		

Nr.	Tittel	Prosess	Svarfrist
<p style="text-align: center;">2</p> <p>E-helse</p>	<p>Høyring - Prøvesvaret til pasient i nasjonal kjernejournal</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet foreslår endringar i kjernejournalforskrifta § 4, slik at forskrifta opnar for lagring av laboratorie- og radiologisvar (prøvesvar). Den enkelte skal kunna reservera seg mot slik lagring. Prøvesvar skal omgåande vera tilgjengeleg for helsepersonell via kjernejournal. Det skal etablerast ein mekanisme for utsett digital tilgjengeleggjering av prøvesvar via helsenoreg.no, slik at helsepersonell blir gitt høve til å informera pasienten personleg. Departementet foreslår at forskrifta også skal kunna omfatta prøvesvar frå genetiske undersøkingar. Genomet til pasienten eller eksom vil ikkje koma fram.</p> <p>Vidare er det foreslått at dataansvaret for nasjonal kjernejournal og reseptformidlaren (e resept) blir overført frå Norsk helsenett SF til Helsedirektoratet.</p>	<p>Sendt føretaksgruppa for innspel.</p> <p>Vi koordinerer eit felles høyringssvar.</p>	<p>13.11.2023</p>
<p style="text-align: center;">3</p> <p>E-helse</p>	<p>Høyring - Endring i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet foreslår endringar i beløpa som verksemdar skal betala for dei fire nasjonale e-helseløysingane; helsenettet med grunndata og heilseid, e-resept, kjernejournal og helsenoreg.no. Samla er kostnadsveksten frå 2023 til 2024 anslått til 170 mill. kroner. Forslag til endringsforskrift inneheld tal før prisjustering, og beløpa vil derfor bli prisjustert før forskrifta blir fastsett.</p>	<p>Sendt føretaksgruppa for innspel.</p> <p>Vi koordinerer eit felles høyringssvar.</p>	<p>10.11.2023</p>
<p style="text-align: center;">4</p> <p>Fag</p>	<p>Høyring - Plikt til å sørge for beredskapslagring av seks månaders normalforbruk av smittevernutstyr til bruk i helse- og omsorgstenesta</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har sendt forslag til endring av forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid osb. etter lov om helsemessig og sosial beredskap på høyring. Departementet foreslår at kommunar, fylkeskommunar og regionale helseføretak skal sørge for beredskapslagring av smittevernutstyr tilsvarande seks månaders normalforbruk for helse- og omsorgstenesta i eiga verksemd, eigd verksemd og verksemd som etter avtale yt helse- og omsorgssteinestar til befolkninga.</p>	<p>Vi sender uttale.</p>	<p>01.11.2023</p>